



Ali og Martin

Ali har vore på praksisplassen i ca 3 veker no, og han synest det er spennande. Kvar dag lærer han noko nytt, og kvar dag får han prøve å løyse nye oppgåver. Det er likevel litt vanskeleg, synest han. Ikkje sjølv jobben og oppgåvene, men meir det som handlar om det sosiale. Han kjenner ingen av kollegaene frå før, men tenker at det er viktig å bli kjent med dei. Der er fem nordmenn, ein frå Polen og to-tre frå Litauen, men alle snakkar norsk eller engelsk. Ali kan litt engelsk, men det er lettare å forstå enn å snakke, synest han. Han er litt usikker og redd for å dumme seg ut.

Martin er ein av dei som jobbar på praksisplassen til Ali. Han er 30 år og har jobba her i ca fem år. Martin liker jobben sin kjempegodt, sjølv om det ofte er veldig travelt og han kan bli stressa.

No har ein ny praksisdeltakar kome inn. Han heiter Ali. Martin synest det er kjekt når dei får nye folk inn på arbeidsplassen, og det er ikkje første gong dei har hatt praksisdeltakarar her. Martin har prøvd å snakke litt med Ali, men det er ikkje så lett. Martin trur ikkje at Ali er så interessert i å bli kjent med han. Ali vil ofte sitte åleine i pausa, han fortel aldri noko om seg sjølv og han stiller ingen spørsmål. Han snakkar også veldig lågt og det er vanskeleg å høyre kva han seier! "Kanskje Ali trivst best åleine," tenker Martin, "då er det viktig at eg ikkje masar for mykje."